

21-åringen seier han blei lova jobb på gard i med prostituerte og skal ha blitt tvinga til å



LOVA DRAUMEJOBBS: Han kom frå Romania til Noreg for å jobbe på gard. Denne veka rømde 21-åringen frå dei han seier tvinga han til å stele og tigge i Bergen.

ADALHEIDUR OLDEIDE
adalheidur.oldeide@bt.no
CHRISTIAN NICOLAISEN
foto **ODD E. NERBØ**

Den unge rumenaren sit på ein kafé i Bergen sentrum. Ved sida av han sit 25 år gamle Kaja Sviland frå Bergen. Dei to har berre kjend kvarandre i tre dagar. Eit kort, men livsviktig vennskap, seier han.

– Den siste månaden har vore eit mareritt. Eg trudde Noreg ville bli som å kome til himmelen, men det blei eit helvete.

Blei henta til Noreg

11. mai stoppar den 21 år gamle rumenaren ei tilfeldig ung kvinne på gata i Bergen. Han spør etter vegen til Robin Hood Huset, eit tiltak for økonomisk vanskelegstilte. 25 år gamle Kaja Sviland skal same veg, og viser han gjerne kvar han skal. På vegen fortel han om korleis han blei lurt inn i eit tungt kriminelt

miljø. Han fortel om hus i Bergen der titals unge austeuropearar bur. Dei blir tvinga til å stele, tigge og prostituere seg. Og han fortel om bakmenn som styrer kjøp og sal av gater i Bergen for å drive kriminalitet.

Sviland bestemmer seg for å hjelpe den unge rumenaren.

Byrjinga av april 2015. Han sit heime i huset sitt i utkanten av byen Craiova, ein av dei største byane i Romania, då ein kjenning av familien kjem på besøk. Familievenen fortel 21-åringen og resten av familien at han kan skaffe jobb på ein gard i Noreg. Han har sjølv vore i Noreg lenge, og skildrar eit land som nesten er for godt til å vere sant.

21-åringen har fullført vidaregåande skule, men finn ikkje jobb i heimlandet. Han treng ikkje tenkje seg om to gonger. Få dagar etter, sit dei to i lag på flyet til Bergen.

– Hadde eg hatt ei aning om

kva som venta meg, hadde eg aldri sett meg på det flyet, seier han.

På Flesland fortel familievenen at livet i Noreg ikkje kjem til å bli slik han vart førespegla heime i Romania.

– Du skuldar oss 30.000 kroner for billetten til Noreg. For å betale tilbake gjelda må du stele og tigge. Om du ikkje gjer slik me seier, vil du bli banka opp, eller i verste fall miste livet, fortalde han meg, fortel 21-åringen.

Flyttar inn med tjuvar

Familievenen køyrer dei direkte til busstasjonen i Bergen. Ved eit busstopp står ei ung kvinne, tydeleg rusa. 21-åringen får streng beskjed om å stele mobiltelefonen hennar. Familievenen skal lære han å bli ein god tjuv, seier 21-åringen.

– Eg hadde aldri gjort noko ulovleg før, men eg gjorde som han sa, ho var eit lett offer. Eg



STARTA INNSAMLING: Kaja Sviland (25) frå Bergen møtte den 21 år gamle rumenaren tilfeldig på gata i Bergen. Få dagar etter hjelpte ho 21-åringen med å kome seg heim.

Noreg. I Bergen budde han stele for 30.000 kroner.



MENNESKEHANDEL: Rudolf Christoffersen er den påtalejuristen som har ført flest menneskehandelssaker i Noreg.

– Mafiametode vi kjenner frå andre land

Politiet og Utekontakten kjenner seg igjen i mykje av det 21-åringen fortel BT.

Politiet i Bergen har nyleg avdekkja det som kan vere ein større, organisert prostitusjonslaga i vestlandshovudstaden. Denne veka blei tre rumenske menn arresterte og sikta for hallikverksemd.

Saka blir etterforska ved seksjon for organisert kriminalitet.

Leiar Jørn Solsvik vil ikkje uttale seg om den konkrete etterforskinga, men seier til BT at noko av det 21-åringen fortel om, er noko politiet sjølv har funne i andre saker.

– Dette høyrer ut som klassisk utnytting av menneske som er i ein sårbar situasjon. Ofte er vårt problem at slike historier er vanskelege å bevise i retten. Ofra vil gjerne ikkje samarbeide med politiet, eller dei kan vere så traumatiserte under tvang at dei er blitt ein del av systemet, seier Solsvik, som understrekar at han uttalar seg på generelt grunnlag.

– Rumenaren fortel at det kostar opp mot 5000 euro å nytte enkelte gater i sentrum. Er det noko de har høyrte om før?

– Det er ein gammal mafiametode vi kjenner til frå andre land. Vi har høyrte at det kanskje kan vere sånn i Bergen også, men har ikkje konkrete opplysningar om, eller prov, for at det faktisk går føre seg, seier Solsvik.

Rudolf Christoffersen er den påtalejuristen som har ført flest menneskehandelssaker i Noreg. Han har bakgrunn som statsadvokat og tidlegare jurist i politiets EXIT-gruppe. No

har han to års permisjon for å jobbe med grenseoverskridande kriminalitet i EU-organisasjonen Eurojust i Nederland.

Christoffersen seier han har høyrde mange historier som liknar den 21-åringen seier han har vore gjennom.

– Barn frå Romania har vore særleg utsette for lovnadar om jobb i Noreg, men endar opp med å bli tvinga inn i prostitusjon, tigging og tjuveri, seier han.

Christoffersen bekreftar også at han kjenner til organisering for kjøp og sal av gater, der bakmenn kontrollerer avgrensa område for å drive prostitusjon, tjuring og tigging.

– Det er heilt klart ein kamp om territorium. Me ser jo til dømes at dei same tiggarene sit på dei same plassane over tid. Dette er ikkje tilfeldig. Dersom det er kriminelle bakmenn som står bak fordeling av gater er det ikkje overraskande, seier Christoffersen, som har vore aktor i dei fleste store menneskehandelssakene som har hamna i retten.

Også Marit Grung, leiar for Utekontakten i Bergen, kjenner igjen noko av det rumenaren fortel. Ei kartlegging Utekontakten gjorde for to år sidan, viste at folk som truleg er offer for menneskehandel i Bergen inngår i ulike typar verksemdar: Tigging og blomstersal om dagen, prostitusjon eller sal av narkotika om kvelden.

– Dette er ei standardhistorie som ikkje er ukjent for oss. Denne gongen var det ein gut, andre gonger er det unge jenter som blir tvinga til å selje sex, seier Grung.

fekk enormt dårleg samvit etterpå, likevel gjorde eg det om att og om att dei neste vekene. Eg hadde ikkje noko val. I huset gjekk sjefane rundt med knivar, og dei som ikkje kom heim med tjuvegods eller pengar blei banka opp, seier han.

Etter at han har stole mobilen frå kvinna, køyrer familievenen 21-åringen til det som skal bli heimen hans den neste månaden. Huset ligg på Askøy. Det er skittent og trangt, og der bur kring ti personar, alle i same situasjon som han. Gutane i huset blir tvinga til å stele for å betale tilbake gjelda si. Somme av dei nektar å gjere som dei får beskjed om. Dei blir truga og slått, ifølgje 21-åringen.

Verst er det for jentene. Han får ei alvorleg mine når han snakka om dei andre i huset. Også dei tiggjar på dagtid, men på kvelden sel dei kroppen sin. Den yngste jenta han bur saman med, er 14 år. Den eldste 22.

Alle er frå Romania, og alle er lova jobb i Noreg, ifølgje 21-åringen.

Kjøp og sal av gater

Dei neste vekene gjer han alt han kan for å betale tilbake det han skuldar. Han stel bensin, smykke og klede frå butikkar, og mobilar, vesker og pengar frå fulle folk.

– På dagen tigga eg. Seinare på kvelden stal eg kanskje frå den same personen som la pengar i koppen min nokre timar tidlegare, seier han.

Ifølgje rumenaren er det minst 30 hus på Askøy, og fleire i Bergen, der unge austeuroppearar som har kome til Noreg i håp om ein jobb bur. Alle endar opp med å leve etter reglane til bakmenn som styrer eit særorganisert, kriminelt miljø, hevdar 21-åringen.

Ifølgje han er det til dømes ein person som har ansvar for kjøp og sal av gater i Bergen. Ein kilometer blir seld for 5000 Euro. I gata kan ein tigge på dagtid, stele frå fulle folk på uteplassar, og drive prostitusjon og sal av narkotika.

Andre veka i mai 2015 orkar han ikkje meir. Han bestemmer seg for å rømme frå Bergen,

men han har ingen pengar. Det første han gjer er å gå på politistasjonen i Bergen sentrum. Han vil ikkje melde saka til politiet, men han treng ein plass å sove, og pengar til å kome seg tilbake til heimlandet. Han blir mellom anna oppfordra til å søke hjelp på Robin Hood Huset, ein plass for økonomisk vanskelegstilte i Bergen. Det er då han møter Kaja Sviland.

Starta innsamling

– Eg hadde veldig lyst å hjelpe han. Det var vondt å høyre kva han hadde vore gjennom, seier 25-åringen som jobbar som rekneskapsfører i Bergen.

På dagen tigga eg. Seinare på kvelden stal eg kanskje frå den same personen.

Nordmenn er snille menneske. Det er veldig trist at kriminelle flyttar hit og lurar nordmenn.

21-åring frå Romania

Ho oppretta ei gruppe på Facebook der ho fortalde om den 21 år gamle rumenaren. På få dagar samla frivillige organisasjonar og vener av Sviland inn nok pengar til at han kunne flytte inn på eit hostel i Bergen, og ein flybillett tilbake til Romania.

– Ho har på mange måtar redda meg. Eg veit ikkje korleis eg skulle ha kome meg heim utan hjelpa hennar, seier han.

– Nordmenn er snille menneske. Det er veldig trist at kriminelle flyttar hit og lurar nordmenn. Eg håpar historia mi kan gjere at nokon får opp auga for kva som skjer, seier 21-åringen.

14. mai tok 21-åringen flyet tilbake til Romania.

– Eg veit eg er i stor fare. Det kan hende dei kjem etter meg til Romania for å krevje tilbake pengane dei meiner eg skuldar dei. Eg håpar berre dei let meg vere i fred, seier han.

FAKTA

Menneskehandel

● Menneskehandel i strafferettsleg forstand er organisert utnytting av andre, ved at ein tvingar nokon til å utføre arbeid og tenester ved bruk av vald, trugs-mål eller utnytting av personar sin sårbare situasjon.

● Ifølgje den tverrfaglege KOM-eininga i Politidirektoratet er det rekna at 300 personar tok imot bistand som mogelege offer for menneskehandel i Noreg i 2013.

● To tredelar av desse blei utnytta til prostitusjon og andre seksuelle formål.

16

fellande domar for menneskehandel sidan 2005 står Politiet i Hordaland bak. Det utgjør nær halvparten av domane på landsbasis.

FESTSPILLENE
I BERGEN

GRIEGHALLEN
TORS DAG 28. MAI KL 14:00

27. MAI – 10. JUNI
2015

Minnenes sangbok

/Gratis festspillkonsert i Grieghallen 28. mai kl 14:00

Festspillene inviterer til allsang med Herborg Kråkevik og jentekor. Konserten er spesielt rettet mot mennesker med demens, pårørende og helsepersonell.

Støttet av
GC Rieber Fondene

DNB

DNV-GL

Statoil

Bergens Tidende

Radisson

DN Dagens
Næringsliv

Les mer og reservér billett på
www.fib.no/sangbok